



Arkivnr: 2018/13176-1

Saksbehandlar: Ruth Ørnholt, Ronny Skaar, Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved, Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 21.08.2018 |
| Fylkesutvalet | | 30.08.2018 |

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027 - høyring

Samandrag

Framlegg til Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane er sendt på høyring. Høyringsfristen er 1.september 2018. Høyringsfråsegn vert sendt frå Hordaland fylkeskommune etter handsaming i fylkesutvalet.

Tidleg i planperioden (2019 – 2027), frå 1. januar 2020, vil Sogn og Fjordane gå inn i Vestland fylkeskommune. Då får fylkeskommunen nye oppgåver og ansvar for eit kultur- og idrettsfelt som ser annleis ut enn i dagens fylke.

Kulturpolitikken i det meste av planperioden vil måtte innrettast i ein ny geografi, for å løyse fleire nye oppgåver og ansvarsområde, og for å ta omsyn til ei lang rekkje nye aktørar. Ikkje minst gjeld dette det profesjonelle kunst- og kulturfeltet der institusjonar og organisasjonar med stor fagleg tyngde stiller krav til målmedvite kunst- og kulturpolitikk. Ein ny organisasjon, vil ta ansvar for politikktutforminga og forvaltinga innan kultur og idrett. Difor kan ein stille spørsmål om den lange planperioden er tenleg.

Planframlegget er basert på ei analyse av det eksisterande kultur- og idrettsfeltet i Sogn og Fjordane. I høve framtidige utfordringar og oppgåver i Vestland fylkeskommune, er ikkje planen dekkande. Fylkesrådmannen ser likevel positivt på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til ny regional plan for kultur. Planen identifiserer kulturpolitiske utfordringar og peikar ut satsingar som er viktige i dagens Sogn og Fjordane. Slik kan planen vere retningsgjevande for vidare politiske prosessar, og i saker som gjeld den nordlege delen av det framtidige fylket.

I høve ambisjonen om at planen skal ta opp i seg den pågåande regionreforma og samanslåingsprosessen med Hordaland, manglar drøfting av konsekvensane av Ekspertutvalet sine forslag til nye oppgåver og den komande handsaminga i Stortinget. Hovudtema og utfordringar i planframlegget er i samsvar med politikken i Hordaland, men det er heller ikkje gjort referansar til *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Fylkesrådmannen rår til at planframlegget vert justert slik at det tek aktivt stilling til regionreforma og konsekvensane for det nye vestlandsfylket, og til at det i Hordaland finst ein vedteken kulturpolitikk.

Planframlegget tek i stor grad for seg oppgåver som kan løysast administrativt. Det vil styrkje dokumentet dersom ein legg til grunn eit meir langsiktig utviklingsperspektiv og gir politisk retning i høve til styrking og prioritering av verkemidlar.

Planframlegget er elles lett å tileigne seg. Dokumentet er velskrive og godt strukturert.

Økonomi: Ingen konsekvens

Klima: Ingen konsekvens

Folkehelse: Eit styrka samarbeid over fylkesgrensene om kultur- og idrettspolitikkk kan gje positiv effekt for folkehelse på lengre sikt.

Regional planstrategi: Eit styrka samarbeid over fylkesgrensene om planarbeid er i tråd med målet om samarbeid i ein sterk vestlandsregion. Auka vekt på planlegging som del av samfunnsutviklarrolla vil gagne alle målsetjingane i planstrategien.

Forslag til innstilling

| | |
|---|--|
| 1 | Fylkesutvalet ser positivt på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til ny regional plan for kultur. Planen identifiserer aktuelle kulturpolitiske utfordringar og peikar ut satsingar som er viktige i dagens Sogn og Fjordane. Planen bør vere retningsgjevande for vidare prosessar i Vestland fylkeskommune, og i saker som gjeld den nordlege delen av det framtidige fylket. |
| 2 | Fylkesutvalet meiner at det vil styrke framlegget til regional plan og handlingsprogram dersom ein i større grad tek drøfta behovet for samordning av arbeidsmetodar og verkemiddel i dei to fylkeskommunane før etableringa av Vestland fylkeskommune 1.1.2020. |
| 3 | Fylkesutvalet meiner at planframlegget i større grad bør sjåast i samband med vedtekne regionale planar i Sogn og Fjordane og Hordaland innanfor kultur og idrett og folkehelse. |
| 4 | <p>Fylkesutvalet har merknader til planframlegget og rår til at framlegget vert justert i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling på følgjande punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Vurdering av regionale tilskotsordningar på kultur- og idrettsfeltet. b. Drøfting av bruken av samarbeids- og partnerskapsavtalar c. Vektlegging av behovet for ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet, med vekt på kunstens autonomi og eigenverdi. d. Tydeleggjing av behovet for nettverk og kompetanse innan profesjonelle kunstfeltet, og potensialet i å ytterlegare nytte nettverk som allereie er etablerte i Hordaland. e. Styrka fokus på vidareutvikling av kunst i offentleg rom, jf Hordaland fylkeskommune sin politikk på feltet. f. Definere ein politikk for toppidrett, større meisterskap og dopingførebyggjande arbeid. g. Samhandling med FOU-miljø og utvikling av regionalt viktige nettverk og samarbeidsmodellar. h. Utviklingsarbeid i høve friluftsliv. i. Utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring. j. Utviding av bokbåttenesta til heile det nye vestlandsfylket. k. Tydeleggjing av den overordna samfunnsrolla som fylkesarkiva har og kan ta innan det kulturhistoriske feltet. l. Utdjupe tema Universell utforming |

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.08.2018

Framlegg til Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane er sendt på høyring. Høyringsfristen er 1.september 2018.

Høyringsutkastet vart vedteke i fylkesutvalet 31. mai 2018, og byggjer på planprogrammet som vart vedteke 31. januar etter offentleg høyring hausten 2017. Planperioden blir foreslått å vere frå 2019 til 2027.

Saksframlegget byggjer på lesing av planen opp mot Hordaland sin vedtekne kulturplan, *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Fylkesrådmannen meiner høringsuttale frå Hordaland fylkeskommune vil vere eit godt grunnlag for vidare utforming av ein felles kulturpolitikk for Vestland fylkeskommune.

Samandrag av planframlegget

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane har *kultur for alle* som overordna mål. Planframlegget formulerer vidare to hovudmål: a. Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn, og b. Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kulturelle kraftsenter

I kapitlet om bakgrunnen vert det peikt på at arbeidet er gjennomført i ei tid der både strukturar, ansvar og oppgåver i det offentlege er i endring, og at Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er i gang med samanslåingsprosessen. Ambisjonen er å utforme ein offensiv kulturpolitikk i ein ny og større fylkeskommune og gjere seg klare til å ta fleire og større oppgåver innan ramma av den nasjonale kulturpolitikken som vert forma gjennom arbeidet med ny kulturmelding. Planen skal vise kva ein vil leggje vekt på i utviklinga av kulturpolitikken i Sogn og Fjordane og må forståast som eit dynamisk dokument, som vil måtte justerast og tilpassast endringar i struktur og oppgåver.

Kulturplanen byggjer på eit vidt kulturomgrep, der fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er integrerte delar. Det blir påpeikt at nynorsk språk er grunnleggande for identiteten i Sogn og Fjordane, og at språkpolitiske problemstillingar har ein sentral plass.

Ut frå føresetnaden om at digitalisering også på kulturfeltet, endrar kvardagen på mange måtar, har planen tatt opp i seg problemstillingar og moglegheiter som følgjer av dette.

Innleiingsvis vert det sagt at ein gjennom planprosessen har førebudd seg på å gå inn i ei regionreform. Ein har prøvd å identifisere kva ein er sterke på i Sogn og Fjordane og såleis kan byggje vidare på, og har samstundes peika på område ein har behov for å styrkje.

Arbeidet har hatt som mål å svare på utfordringane som er definerte i Regional planstrategi 2016-2020, å gi retning for kulturarbeidet i regionen og å definere regionale satsingsområde som er relevante for kommunane, institusjonane og organisasjonane. Aktørar frå frivillig, offentleg og privat sektor har vore involverte i planarbeidet. Det har vore lagt vekt på å få innspel også frå politikarar i kommunane og å sikre tilknytning til aktuelle forskings- og utviklingsmiljø.

I planstrukturen inngår eitt overordna mål, to hovudmål og to hovudtema som på kvar sin måte skal bidra til å nå måla. Kvart hovudtema har definerte innsatsområde.

Plantema:

Planen tek utgangspunkt i spørsmålet om kva rolle kulturfeltet skal spele i samfunnsutviklinga og ser kultur i samanheng med samfunnsområde som arbeidsmarknad, bustadmønster, kommunikasjonar og rekreasjon. Kultur har betydning for personleg vekst og for livskvalitet, trivsel og fellesskapsoppleving i eit lokalsamfunn. Kulturområdet femner om tema som kulturarv og museum, bibliotek, språk og litteratur, arkiv, kunstproduksjon, kulturformidling, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kultur og folkehelse, frivillig arbeid, verdiskaping og kulturell og kreativ næring. Dei ulike kulturområda og kulturuttrykka er sette i samanheng i planarbeidet. Planen har to hovudtema som skal bidra til å oppfylle måla:

1. Kulturelle ressursar og verdiskaping

Her dreiar det seg om kulturell infrastruktur, kulturarv og produksjon og formidling av kunst og kultur. Ei viktig problemstilling er korleis ein i større grad kan få ringverknader av fyrtårna på kulturfeltet og gjennom dei stimulere til ny aktivitet.

2. Deltaking og oppleving

Her dreiar det seg om korleis ein kan målrette arbeidet for å nå prioriterte målgrupper. Å leggje til rette for tidleg engasjement er grunnleggande for å gi alle barn og unge reelle moglegheiter til å delta i kulturaktivitetar. Planen har som tilnærming at ulikskap er ein ressurs som bidreg til mangfald og fellesskap.

Planframlegget er tilgjengeleg her: <http://www.sjf.no/getfile.php/4176510.2344.zlauikpqablzbs/regional-plan-for-kultur-hoeyringsutkast-mai-2018.pdf>

Fylkesrådmannen sine vurderingar:

Behovet for ein regional plan:

Tidleg i planperioden (2019 – 2027), frå 1. januar 2020, vert Sogn og Fjordane del av den nye Vestland fylkeskommune. Dette inneber at fylkeskommunen får nye oppgåver og ansvar for eit kultur- og idrettsfeltiv som ser annleis ut enn i dagens Sogn og Fjordane.

Kulturpolitikken i det meste av planperioden vil måtte innrettast i ein ny geografi, for å løyse fleire nye oppgåver og ansvarsområde, og for å ta omsyn til ei lang rekkje nye aktørar. Ikkje minst gjeld dette det profesjonelle kunst- og kulturfeltet der institusjonar og organisasjonar med stor fagleg tyngde stiller krav til målmedvite regional politikk. Ein ny organisasjon vil ta ansvar for politikktutforminga og forvaltninga innan kultur og idrett. Difor kan ein stille spørsmål om den lange planperioden for den regionale planen er tenleg.

Planen sine hovudmål og ambisjonar:

Planframlegget er basert på ei analyse av det eksisterande kultur- og idrettsfeltet i Sogn og Fjordane. I høve dei framtidige utfordringane og oppgåvene ein står framfor i Vestland fylkeskommune, er ikkje planstrukturen dekkande. Mellom anna manglar eit grunnleggjande perspektiv på det profesjonelle kulturlivet, som særleg er viktig i Bergensregionen, og idretten sine organisasjonar og viktigaste regionale aktørar. Planframlegget og handlingsprogrammet svarer heller ikkje fullt ut på dei høge regionale ambisjonane som vert uttrykt i dei innleiande kapitla. Sjølv om det er kort tid til 2020, vil framlegget til Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane styrkast ved ei drøfting av dei utfordringane ein står framfor ved forminga av ein samla kulturpolitikk i Vestlandet fylkeskommune frå 2020. Planen bør stille seg meir aktivt til regionreforma, det nye vestlandsfylket, og til at det i Hordaland finst ein vedtatt kulturpolitikk.

I høve målet om at planen skal ta opp i seg den pågåande regionreforma og samanslåingsprosessen med Hordaland, manglar også drøfting av konsekvensane av det regjeringsoppnemnde Ekspertutvalet sine forslag til nye oppgåver og den komande handsaminga i Stortinget. Elles er hovudtema og utfordringar i planframlegget i store trekk i samsvar med vedteken politikk i Hordaland, men det er heller ikkje gjort referansar til Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Planen vart lagt fram i Fylkestinget hausten 2014. Handlingsprogrammet vart vedteke i Fylkestinget våren 2015.

Planframlegget tek i stor grad for seg oppgåver som kan løysast administrativt. Det vil styrkje dokumentet dersom ein legg til grunn eit utviklingsperspektiv og gir politisk retning i høve til styrking og prioritering av verkemidlar.

Vestland fylkeskommune må på sjølvstendig grunnlag formulere og gjennomføre ein kultur- og idrettspolitikk for den nye regionen. Fylkesrådmannen ser likevel positivt på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til ny regional plan for kultur. Planen identifiserer kulturpolitiske utfordringar og peikar ut satsingar som er viktige i dagens Sogn og Fjordane. Slik kan planen vere retningsgjevande for vidare politiske prosessar, og i saker som gjeld den nordlege delen av det framtidige fylket. Fylkesrådmannen rår likevel til at planframlegget vert justert slik at det tek aktivt stilling til regionreforma og konsekvensane for det nye vestlandsfylket, og til at det i Hordaland finst ein vedteken kulturpolitikk.

Planframlegget si form:

Planframlegget er lett å tileigne seg. Dokumentet er velskrive og godt strukturert.

Medan ein regional plan vanlegvis vert forstått som retningsgjevande for alle offentlege aktørar (stat, fylkeskommune og kommunar) i eit fylke, gjeld tiltaka i handlingsprogrammet i hovudtrekk berre fylkeskommunale arbeidsområde/tiltak. Ei intern prioritering og innretning av fylkeskommunen sin arbeidsinnsats liknar meir på ein kulturstrategi. Ein kan hevde at planframlegget sin viktigaste verdi vert analysane og forståinga av statusen på kultur- og idrettsfeltet, framfor korleis ein skal løyse utfordringane etter at ein framtidig fylkeskommune er etablert.

Fylkesrådmannen meiner likevel at høringsfråsegna frå Hordaland fylkeskommune vil vere eit godt grunnlag for vidare utforming av ein felles kulturpolitikk for Vestland fylkeskommune.

Om partnerskapsomgrepet og samarbeidsavtalar

Dei seinare tiåra er det norske kulturlivet i aukande grad styrt etter prinsippet om «armlengds avstand». Kulturlivet skal støttast og utviklast, ikkje styrast. Denne tilnærminga har vore rådande i statleg, fylkeskommunal og kommunal sektor.

Det blir gitt støtte til verksemder og prosjekt som i utgangspunktet stetter satsingar i kulturplanen eller er i samsvar med vedteken politikk. Ei rekke stader i planframlegget vert det vist til partnerskap mellom forvaltninga og kulturlivet, og til bruk av samarbeids- og utviklingsavtalar. Til dømes heiter det på side 3 at realisering av planen er eit ansvar for partnerskapen, dvs. staten, kommunane, frivillig sektor, private, kulturinstitusjonane og fylkeskommunen. Vidare heiter det at partnerskapen skal utviklast til beste for innbyggjarane. På side 9 vert det vist til fylkeskommunen sine utviklingsavtalar med organisasjonar.

Fylkesrådmannen meiner at det kan stillast spørsmål ved partnerskapsomgrepet og bruken av spesifikke samarbeids- og utviklingsavtalar som verktøy i kulturpolitikken. Det er viktig å ha klårt for seg kva rollar ulike aktørar har på kulturfeltet. Partnerskap kan og bør nyttast mellom aktørar med like rollar, som til dømes mellom stat, fylkeskommune og kommune, men er uheldig å nytta mellom til dømes tilskotsgjevar og tilskotsmottakar. Tilskotsgjevar har ansvar for å formulere overordna målsettingar for tilskot, vurdere tilskot på fritt grunnlag, og syta for kontroll med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadene for løyvinga. Tilskotsmottakar har på si side høve til å søkje tilskot i konkurranse med andre aktørar for å realisere sine kunstnarlege og samfunnsmessige føremål. Tilskotsmottakar står kunstnarleg fritt, men har ansvar for å dokumentere god økonomistyring og forsvarleg drift overfor tilskotsgjevar.

Tilskotsgjevar har ansvar for å praktisere god forvaltningsskikk, noko som mellom anna inneber at tilskotsordningar er gjort ålment kjend, og kan søkast av alle som tilfredsstillar vedtekne kriterier. Prinsippet om «armlengds avstand» er styrande i norsk forvaltning.

Partnerskap bryt med desse prinsippa. Det fører til at rollene vert uklære og det medfører tvil om at «god forvaltningsskikk» er ivareteke: Innbyggjarar kan med rette stille spørsmåla: Kven kan vera partnarar? Korleis vert ein partnar? Kva inneber eit partnerskap og kva skil ein partnar frå ein annan kulturaktør som ønskjer å søkje tilskot? Kva status har partnerskapet i høve til forvaltningslova, kommunelova og lov om offentleg anskaffing?

På denne bakgrunnen ser fylkesrådmannen partnerskapsomgrepet som lite føremålstenleg når målsettinga bør vere å fremje eit rikt og mangfaldig kunst- og kulturliv med like høve for alle. Fylkeskommunen bør, som samfunnsutviklar, først og fremst ha fokus på overordna målsettingar og dernest syta for verkemiddel som bidrar til ønskja utvikling for kunst- og kulturlivet sjølv. Fylkeskommunen har rolla som forvaltar og politikktutformar. Det er kunst- og kulturlivet som skal utvikle seg. Fylkeskommunen bygger dansegolv. Kunstnarane dansar.

Kommentarar til einstilte plantema:

8.1.1 Frivillig sektor

I kapitlet *Frivillig sektor* peiker planen på utfordringane til dei frivillige organisasjonane. Det er ofte desse som i stor grad held opp det lokale kulturlivet, og som også er limet i samfunnet i mindre kommunar i Hordaland. Fylka har felles utfordringar og visjonar, ikkje minst når det gjeld deltaking for alle. Dette er eit satsingsområde som er vedteke i Regional kulturplan for Hordaland.

Planframlegget peiker på at aukande krav til profesjonalisering og meir byråkrati, i tillegg til ein generell krevjande økonomisk situasjon, krev at ein bruker mykje tid på søknadsskriving. Det er ei utfordring for mange frivillige organisasjonar. Det er viktig å forenkla og ikkje skape unødig arbeid, både for brukarane og forvaltinga.

For å sikre like tilhøve og rettferdig handsaming, legg Hordaland fylkeskommune vekt på at rutinar for søknad og tilskot følgjer forvaltingslova og krav til god forvaltningsskikk. «Faste driftstilskot» krev søknad og rapportering på line med prosjekttilskot. Fylkesrådmannen er atterhalden til bruk av styring/ utviklingsavtalar. Kulturpolitikken blir sett ut i livet ved å prioritere søknadar til tilskotsordningar, som oppfyller viktige satsingar i vedteken kulturplan.

For å skilje det som skjer av frivillig innsats utanfor kultursektoren som t.d. humanitært arbeid, er det i Regional kulturplan for Hordaland i tillegg til innsatsområde frivilligheit, også nytta omgrepet *amatørkultur*. Skilje mellom amatør og profesjonell er ikkje alltid heilt klårt, men Hordaland fylkeskommune meiner det er tenleg for betre å innrette kulturpolitikken til beste for aktørane innan både den eine og andre kategorien.

Det frivillige, lokale kulturlivet er i hovudsak eit kommunalt ansvar, men fylkeskommunane har ansvar for å stimulere til nettverk og møteplassar som gir organisasjonane hjelp til å samarbeide og samordne ressursar. I Hordaland er det fleire godt etablerte fylkesfemnande organisasjonar innan ulike kulturuttrykk og aktivitetar. Det kan vere aktuelt å utvide deira verkefelt i den nye fylkeskommunen, og ein må sjå etter behov for nye strukturar ettersom kulturlivet er i stadig forandring.

Det er eit nasjonalt fokus på frivilligheit. Hordaland fylkeskommune og fleire kommunar i Sogn og Fjordane og Hordaland er del av eit nystarta nettverk i regi av KS, som har den ferske fritidserklæringa som utgangspunkt.

8.1.1.2 Kulturhusa

Fylkesrådmannen er positiv til fokuset på kulturhus, særleg er det viktig å setje dei mindre, organisasjons-eigde husa rundt om i bygdene på saklista. Prosjektet *Huset i bygda* har vore særleg vellukka i Sogn og Fjordane, og er ei godt grunnlag for vidare arbeid med desse husa. Dei statlege løyvingane er svært viktig for dette.

Vestland fylkeskommune vil få store utfordringar når det gjeld hus og spesialbygg for ulike delar av det profesjonelle kunstlivet.

8.1.1.3. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Fysisk aktivitet for alle

Planframlegget viser til nasjonale mål for aktivitet og peikar på ei relativ bratt negativ kurve for aktivitetsnivået i fylket. For å aktivisere endå fleire, er det eit mål å få fleire verkemiddel for eit meir differensiert aktivitetstilbod.

Fylkesrådmannen er positiv til avsnittet om planlegging og medverknad og til at ungdomsråd særleg vert nemnt, men saknar omtale av FOU-miljø i planen. Forsking og formidling er viktige element i utviklinga av fagområde idrett og friluftsliv. Sogn og Fjordane har t.d. gjennom utviklinga av Fosshaugane campus vist at

medviten samling av ressursar og nettverk gjer gode resultat. Modellen for campus har vore viktig for utviklinga av Idrettscampus Bergen. På bakgrunn av mange års arbeid og forskning i Sogndal er Høgskulen på Vestlandet frå 2017, vertskap for eit nytt nasjonalt senter for fysisk aktiv læring. Senteret bør vere ein aktør i utviklinga av politikk for både anlegg og fysisk aktivitet. Desse nettverka og kunnskapsmiljøa bør vere omtala i planen.

Fylkesrådmannen saknar omtale av politikk for toppidrett, m.a. tilrettelegging av utdanning og anlegg for at unge lovande utøvarar skal utvikle seg i fylket. I tillegg bør planen seie noko om korleis ein stiller seg i høve arrangement og større meisterskap.

Omtalen av kroppspress bør sjåast i samanheng med arbeidet som vert gjort i samarbeid med Antidoping Norge. Ny avtale mellom Hordaland fylkeskommune og ADNO skal vedtakast i fylkesutvalet 30. august 2018, for prosjektperioden haust 2018 – vår 2020. Det er lagt inn rom for- og intensjon om å implementere Sogn og Fjordane i avtalen.

Anlegg

Etter ei målretta satsing særleg på nærmiljøanlegg knytt til skular, har Sogn og Fjordane dei seinare åra hatt ei flott auke i spelemiddelsøknadar. Revisjonsarbeid med kommunane sine planar er eit anna målretta arbeid, som har ført til gode planprosessar, stor medverknad i kommunane og breiare kunnskap om kommunane sine behov. Dette er gode modellar som Hordaland håpar å kunne jobbe vidare med inn i det nye fylket.

Planen har eit positivt fokus på anlegg for friluftsliv, gjennom m.a. å ønskje samarbeid for rolleavklaringar og retningslinjer for å oppnå gode og tilrettelagte anlegg. Fylkesrådmannen saknar likevel klåre retningar for utviklingsarbeid med friluftsliv i Sogn og Fjordane. I Vestland fylkeskommune vil friluftslivet vere eit viktig område for samhandling, mellom anna med tanke på kartlegging, verdisetting og sikring av friluftsområder, og frå 2020 vil fylkeskommunen få utvida oppgåver knytt til friluftsliv. I tillegg kjem utvikling av Vestkystparken truleg også til å omfatte Sogn og Fjordane. Handlingsprogrammet har ingen eigne tiltak knytt til utvikling av friluftsliv.

8.1.1.4 Bibliotek

Med unntak av Bergen, er biblioteklandskapet i Sogn og Fjordane og Hordaland ganske likt. Hordaland har dei same samarbeidsflatene med kommunane som i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen sitt arbeid med bibliotekutvikling er i Hordaland forankra i Regional plan for kultur. Eit målretta utviklingsarbeidet i samarbeid med kommunane, har gjort folkebiblioteka i Hordaland betre i stand til å oppfylle det nye formålet i Lov om folkebibliotek. Modellbibliotekprogrammet har m.a. ført til at 15 bibliotek/bibliotekfilialar har fått eller er i ferd med å fornye biblioteklokale sidan 2014.

Fylkeskommunen har som eigar av dei vidaregåande skulane, ansvar for bibliotektilbodet til elevar og lærarar. Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommunen og fylkesbiblioteket samarbeider om utvikling av skulebibliotek. I desember 2016 vedtok fylkestinget ein ny strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring, gjeldande frå 2017 – 2020.

Skulebiblioteka er samansett av attraktive lokale, digitale tenester, aktuelle samlingar, høgt kvalifisert personale og eit klart pedagogisk oppdrag. Formidling av nynorsk litteratur er viktig, men planframlegget manglar fleire utfordringar som ligg i utvikling av skulebibliotek.

Bokbåten starta i Hordaland i 1959. Samarbeidet med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal begynte i 1963. Etter at Sogn og Fjordand fylkeskommune gjekk ut av samarbeidet frå 2015, er drifta i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. I samband med forlenging leigeavtale, vart bokbåttenesta i Hordaland evaluert våren 2018. Fylkesutvalet vedtok å lengje avtalen fram til 31.08.2019 og at sak om utviding av bokbåttenesta til heile det nye vestlandsfylket vert lagt fram til politisk handsaming våren 2019.

8.1.2 Kulturarven

8.1.2.1 Nynorsk språk

Nynorsk er eit gjennomgåande tema i planframlegget. Det vert framheva at kulturpolitikken må ha vern om utvikling av nynorsk som fullgodt språk på alle samfunnsområde som eit høgt prioritert satsingsområde.

I *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* er det i handlingsprogrammet vedtatt ein nynorsk kulturstrategi, som til dels er samanfallande med planframlegget for Sogn og Fjordane.

I intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland står det at nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

Fylkesrådmannen er positiv til vektlegginga av nynorsk språk i planen, men gjer merksam på at halvparten av innbyggjarane i det nye fylket nyttar bokmål som hovudmål og at ein må vakte seg for «omvendt diskriminering» når det gjeld formidling av kulturuttrykk.

8.1.2.2 Kulturminne

Planframlegget tek i stor grad for seg oppgåver kulturminneforvaltinga sjølv har ansvar for. Det kunne i større grad analysert og problematisert kva som er utfordringane på kulturminnefeltet i dag og kva ein meiner vil verte utfordringar i tida framover. Utan klar diagnose vert det vanskeleg å gje rett medisin.

Framlegget peiker ikkje ut ei klar retning for korleis den samla museum- og kulturminnepolitikken skal utviklast fram mot 2027.

Planframlegget identifiserer eksisterande kulturelle kraftsenter, men forutan Kvernsteinsparken, som arbeider for å kome inn på ordninga UNESCO Globale Geoparkar, og Gulatinget, der ein vil etablere eit formidlingsbygg på Flolid, manglar det klare utviklingsperspektiv for dei etablerte kraftsentra. For å styrke formidlinga av verdsarven, kunne planen tatt stilling til implementering av statleg verdsarvpolitikk, som t.d. etablering av nye verdsarvsentra. Aktuelle tiltak bør konkretiserast i handlingsprogrammet.

Planframlegget peiker på at ein vil nytte kulturarven aktivt i reiselivssatsinga. Gode døme er utvikla av Kongevegen. Truleg er potensialet for meir turisme stort, men planen tek ikkje stilling til kva type turisme ein bør legge til rette for. Dei globale trendane peikar allereie no på eit aukande problem med ikkje-berekraftig turisme. Ynskjer ein t.d. meir turisme alle stader i Nærøyfjorden, meir trafikk i stavkyrkjene eller på Selje kloster?

Det blir påpeikt at det er naudsynt å utarbeide oversikt over regionalt verdifulle kulturminne, auke kulturminnefagleg kompetanse i kommunane og utarbeide lokale kulturminneplanar. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til denne satsinga. Forutan registrering og kommunalt ansvar etter plan- og bygningslova, kan regionale tilskotsordningar vere eit positivt verkemiddel. Det bør vurderast å etablere ei regional tilskotsordning til faste kulturminne, som anten er regulert til bevaring/ omsynssone etter plan- og bygningslova, prioritert i kommunal kulturminneplan eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Ei slik ordning er etablert i Hordaland.

Regionale tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminner bør vurderast som eit verkemiddel for å stø opp om kommunale skjøtels- og tilretteleggingsprosjekt, der kravet frå Riksantikvaren er at lokal/regional eigenfinansiering må vere 50%. I Hordaland er det etablert ei tilsvarande ordning.

Som eit kyst- og fjordfylke, er dei flytande kulturminna i Sogn og Fjordane ein viktig del av kystkulturen på Vestlandet. I Sogn og Fjordane er det i dag 11 fartøy som er oppført på Riksantikvaren si fartøyvernliste. Det er mykje i høve tal på innbyggjarar i fylket. Å arbeide for eit statleg bevaringsprogram for fartøyvern, vil vere viktig fram mot statsbudsjettet 2020, spesielt med tanke på at dette er flytande kulturminne som kryssar fylkesgrenser. For å styrke arbeidet med istandsetting av fartøya i vår region, bør ein vurdere å

styrke regionale tilskot til verneverdige fartøy som vil utløyse tilsvarande sum frå Riksantikvaren (SAVOS-ordninga). I Hordaland er ei tilsvarande ordning etablert.

Fartøyvernet i Noreg har sitt opphav i frivillig sektor. Feltet er framleis heilt avhengig av denne innsatsen. Etter at fartøya vert ferdig restaurert, er det viktig at dei flytande kulturminna får drift og rammevilkår som kan stø opp om innsatsen til dei frivillige. På bakgrunn av vår vestnorske kystkultur og meirverdien dei frivillige skaper, bør det vere attraktivt å drifte veteranbåtar i vår region. Fylkesrådmannen ber om at ein vurderer å etablere tilskotsordningar knytt til vedlikehald og drift av dei listeførte eller freda fartøya i Sogn og Fjordane. Tilsvarande tilskotsordning er etablert i Hordaland.

8.1.2.3 Museum

Det er positivt at planframlegget peiker på at musea kan ha ei meir aktiv rolle i arbeidet med råd og rettleiing til kommunar og private i kulturminnefaglege spørsmål, til dømes verdivurderingar og restaurering. I Regional kulturplan for Hordaland er ein av satsingane at eksisterande ordning med bygningsvernkonsulentar skal styrkast fram mot 2025.

I samband med regionreforma vil det vere naudsynt å sjå på eksisterande museumsstruktur: eit konsolidert museum i Sogn og Fjordane og 9 konsoliderte museum i Hordaland. Det bør utgreiast ulike moglegheiter og modellar i høve geografisk og tematisk oppdeling, tal på konsoliderte museum og organisasjonsform.

Norsk kulturindeks for Sogn og Fjordane 2016-2017 syner at museumsaktiviteten i Sogn og Fjordane er relativt låg og at museumsbesøket ligg 44 % lågare enn landsgjennomsnitt. Vidare er innbyggjartilfredsheita for moglegheita til å gå på museum svært låg. Planframlegget peiker på ulike målsetningar for korleis musea i Sogn og Fjordane skal utvikle seg for å styrke formidling og infrastruktur.

Hordaland fylkeskommune har i tillegg til årlege driftstilskot og investeringsprosjekt, god erfaring med ei tilskotsordning for prosjektfinansiering av tiltak som skal løyse satsingar i Regional kulturplan for Hordaland. Fylkesrådmannen ber om at ein vurderer å etablere ei prosjekttilskotsordning knytt til museumsutvikling, tilsvarande tilskotsordninga i Hordaland.

Det er viktig at det er både nasjonale og internasjonale ambisjonar for denne sektoren.

8.1.2.4 Fylkesarkivet

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har stor vekt på samanhengen mellom innsamling, bevaring og formidling. Det kombinerte bevarings- og formidlingsaspektet er ein styrke som må takast vare på i samanslåing av fylka. Eit mål i den nye fylkeskommunen er å utvikle fylkesarkivet som ein markert kulturinstitusjon. Eit tiltak er såleis avklåring av rolle og organisering av fylkesarkivet i den nye fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen er kjent med at fylkesarkivet i Hordaland og fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har dels ulike oppgåver og innretning, og landskapet for arkiv- og kulturinstitusjonar i dei to fylka er ulikt. Som planforslaget viser, vert det ei viktig oppgåve å ta vare på og styrke dei kulturhistoriske oppgåvene som i dag definerer dei to fylkesarkiva kvar for seg, som eit fundament for det nye fylkesarkivet som ein betydeleg arkiv- og kulturinstitusjon.

I avklåring av kva nye rollar fylkesarkivet kan ta i Vestland fylkeskommune innan det kulturhistoriske feltet, vil det vere naturleg at andre aktørar og institusjonar vert trekt med i diskusjonen. Særleg gjeld dette for oppgåver som i Hordaland høyrer til fleire institusjonar slik som foto, immateriell kulturarv og stadnamn. Styrking av fylkesarkivet si rolle som kulturinstitusjon i den nye fylkeskommunen, vil vere avhengig av ein open og brei tilnærming.

Arkiva si samfunnsrolle gjennom mellom anna bevaring, tilgjengeleggjering og formidling av dokument og prosessar er ein grunnleggande del av dei demokratiske verdiane og vert stadig understreka i dei endringane som ein ser i samfunnet. Eit fylkesarkiv som byggjer vidare på den systematiske

arbeidsmetodikken til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane med innsamling – bevaring – formidling, vil bli ein styrke for den nye fylkeskommunen på fleire område.

Fylkesrådmannen saknar meir om den overordna rolla arkiva har i samfunnet, og korleis ein med det som utgangspunkt, kan styrke det nye fylkesarkivet.

8.1.3 Kunstproduksjon og formidling

8.1.3.1 Visuell kunst

8.1.3.2 Musikk

8.1.3.4 Kino, film

Hordland og Sogn og Fjordane har ei felles utfordring i å gjere det mogleg å skape og oppleve kunst også utanfor større byar. Det sterke kunstlivet i Bergen kan vere med på å styrke kunstlivet også på andre, mindre stadar i det nye fylket.

Bergen har eit sterkt og ambisiøst kunstliv innan fleire kunstformar. Det er utfordrande for styresmaktene å følgje opp ambisjonane økonomisk, både for det frie kunstfeltet og institusjonane. For å kunne følge opp dette betre, har Hordaland fylkeskommune innført eit klårare skilje mellom amatørkultur og profesjonell kunst. Innretningane er sidestilte, men ganske ulike. Skiljet er viktig for å kunne skape ein god kulturpolitikk med dei rette reiskapane for det enkelte felt. M.a. er det viktig for å kunne støtte ein kunstnarpolitikk som gir profesjonelle kunstnarar betre økonomiske rammevilkår.

Dei siste ti åra er det etablert fleire kompetanse- og nettverksorganisasjonar for kunstnarar innan ulike kunststartar; Brak(rytmisk musikk), VISP(visuell kunst) og Proscen (scenekunst) i tillegg til Vestnorsk jazzsenter og Vestnorsk filmsenter. Hovudvirke er i Bergen, med nokre har eit vestlandsk verkeområde. Det er eit stort potensiale i å nytte desse organisasjonane for å løyse mange av utfordringane som ligg i det frie feltet, som behov for nettverk, bedriftsbygging og kompetanse.

For å gje rettferdige vilkår for dei ulike aktørane som verkar i kunst- og kulturfeltet, har Hordaland fylkeskommune gjennomgått og justert tilskotsordningar og rutinar kring desse. I kulturpolitikken i Hordaland er kunstlivet autonomt, og det blir ikkje lagt føringar for drift/prosjekt utover det verksemda sjølv definerer i vedtekter og prosjekttal. Den profesjonelle skal støttast og ikkje styrast. Det blir gitt støtte til verksemder og prosjekt som i utgangspunktet støtter satsingar i kulturplanen.

Samarbeids- og partnerskapsavtalar, slik det er skildra i planframlegget, kan vere problematisk i denne samanhengen. Det er viktig å skilje roller der fylkeskommunen har fleire; t.d. eigar og tilskotsgjevar.

Det profesjonelle, visuelle kunstlivet er sterkt og ambisiøst i Bergen by. Vi har ei felles utfordring i å legge betre til rette for eit tilbod innan dette feltet både for kunstnarar og publikum, utanfor byen. Kunstnarbustader/residencies ulike stader i fylket kan vere ei god satsing for det nye fylket. Dette gjeld i stor grad det visuelle kunstfeltet, men også kunst og kunstnarar innan andre kunststartar. Planframlegget peiker på at kunstlaga kan vere gode formidlingsaktørar utanfor byen.

I planframlegget vert det vert peikt på behov for å klargjere rolla til Kunstmuseet i Sogn og Fjordane i forhold til kunstnarsenterfunksjonen. Dette er interessant når det gjeld fylkessamanslåinga. Hordaland kunstsenter er Hordaland fylkeskommune si sterkaste satsing når det gjeld visuell kunst.

Planframlegget peiker på at det offentlege rom kan nyttast betre og meir i kunstformidling. Dette er også eit satsingsområde i Regional kulturplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg stor vekt på arbeidet med kunst til Bybanen og set av 1,2% av byggekostnaden til kunst i våre nye bygg.

Folkemusikken står sterkt og er viktig i både Sogn og Fjordane og Hordaland. Det er viktig å ivareta kulturpolitiske satsing på dette feltet også i framtida.

Musikkfestivalar er viktige både i by og bygd. Dette er eit felt der også Hordaland fylkeskommune ser trong for å systematisere og målrette sin innsats.

Filmmeldinga for Vestlandet vart vedteken i Vestlandsrådet i 2014. Meldinga vart arbeidd fram av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar i samarbeid med m.a. Vestnorsk filmsenter. Vi har gjennom det arbeidet lagt eit felles grunnlag for ein god filmpolitikk. Det er særleg viktig å gje høve til å skape kunstfilm på Vestlandet. Naturen i det nye fylke er attraktivt for filmskaparar frå andre stader av landet og andre land, og det er positivt å legge godt til rette for å utvikle lokasjonar.

8.1.4 Kulturelle kraftsenter

Dette kapittelet peiker på mange sterke kulturaktørar i Sogn og Fjordane. Det er viktig at desse utvalde ikkje vert ein definert «kulturkanon», og at ein er open for at andre, nye kulturaktørar kan få støtte og merksemd.

8.2. Deltaking og oppleving

8.2.1 Tidleg engasjement

8.2.1.1 Kulturskulane

8.2.1.2 Kulturformidling til barn – Den kulturelle skulesekken (DKS)

8.2.1.3 Ung kultur møtes, UKM

Tidleg engasjement og deltaking i kulturlivet er viktig, og er også eit av satsingsområda i Regional kulturplan for Hordaland. Her er det fleire nasjonale strukturar, og fylkesrådmannen ser fram til å styrke dette feltet i det nye fylket. Det er store utfordringar for å oppnå visjon og mål på dette området.

Kulturskulane har eit stort potensiale for ei breiare samfunnsrolle. Dei finst i alle kommunar, små som store. Samarbeid mellom kommunar om ulike tilbod og lærekrefter kan vere med på å løyse utfordringar i små kommunar. Planframlegget peiker på at fylkeskommunane ikkje har noko lovpålagt rolle i forhold til kulturskulane. Fylkesrådmannen er samd i at det kan vere hensiktsmessig at fylkeskommunen får ei tydelegare rolle som rådgjevar og kompetanseutviklar for kulturskulane.

Vidareutvikling av kunst- og kulturformidlinga i skulen – Den kulturelle skulesekken (DKS) er viktig også for Hordaland fylkeskommune. Større elevengasjement og -deltaking, auka talet på nynorskproduksjonar og at DKS-produksjonar på turne vert nytta betre i det lokale kulturlivet, er mål også i Hordaland.

Vidareutvikling av UKM - Ung kultur møtest, har vore eit satsingsområde også i Hordaland. Fylkesrådmannen ser potensiale for vidareutvikling av tilbod som er aktuelt og relevant for ungdom på Vestlandet.

8.2.2. Mangfald og fellesskap

8.2.2.1. Kultur og helse

Satsinga på dette område har vore ein del av fylkeskommunen i Sogn og Fjordane sidan 1980-talet. Det omfattar fleire målgrupper; flyktningar, utviklingshemma og eldre. Det er positivt at satsinga er ønskjå vidareført. Dette bør sjåast i samanheng med tiltak og satsingar som er vedteke i Regional plan for kultur i Hordaland for same målgrupper, og det bør omtalast i nokon grad korleis ein kan utvikle satsinga vidare med samla ressursar. Særleg er dette relevant knytt til evalueringsarbeid og FOU.

Fylkesrådmannen er positiv til at Sogn og Fjordane vil jobbe for å skape rammer for samarbeid mellom kultur og helse på alle nivå og utvikle samarbeid med FOU-miljø både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

8.2.2.2. Inkludering

I kapittelet om inkludering er det mange direkte samanfallande tema med folkehelseplan både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det vil vere tenleg å sjå planane i samanheng når ein skal utvikle dette feltet vidare

inn i samanslåinga. Det er fokus på prosjekt og møteplassar, noko som allereie viser at dette fagområdet krev breitt samarbeid mellom offentleg, frivillige og andre ressursar.

Fylkesrådmannen saknar idrett og friluftsliv som del av oppramsinga over tilbod som skal vere for alle. Både idretten og friluftslivet har allereie gode modellar med stor overføringsverdi til resten av kulturfeltet.

8.2.2.3. Universell utforming og kommunikasjon

Det er sett opp tiltak i handlingsprogrammet om årleg konferanse om universell utforming. Tema er aktuelt og relevant, og det kan vere nyttig med ein eigen møteplass for dette fagområde. Konferansen bør arrangerast i fellesskap med Hordaland og etter kvart vere ein del av Vestland fylke sitt kompetansehevingstilbod til kommunane.